

Minne frå barneåra.

Når ein kan hugse 60 - 70 år attende i tida, og tek ei samanlikning frå då og no, merkar ein stor skilnad på livekår og arbeidsmåtar. I tidsskriftet for Historielaget for Sogn er det teke inn ein artikkel av Ole Elias Holck frå 1834/35. Artikkelen er svært interessant, og der er mykje som minner om slik det var i min barndom. Det galdt å avle på garden mest mogeleg til husbruk, og korn var noko av det viktigaste. Om korndyrkinga fortel Holck som døme i si språkform: "Man vil her opptegne Aflingen på den ved Sognefjorden beliggende Gaard Alvern, der dog i det hele taget, har svagt Agerland imod nogle af Naboegaardene. Resultatet af denne Avling har efter samme Udsæd -- neml. 7 Tønder Havre og Blandkorn avlet i 1830 41 Tønder Korn." Dette var sikkert ikkje noko sersyn for Alvern, men det var vanleg på andre gardar og.

Truleg kom våren tidlegare før,^{eg} minnest såleis at på Oppedal tok dei først til med vårarbeidet, og såkornet var kome i jorda omkring 10. april. Eg kan og minnast gardar som ikkje hadde teke ploegen i bruk, men spadde åkrane. Dette måtte vera noko av ein gammal vane som hadde rotfesta seg, slik at det ikkje var lett å leggje om til noko betre. Skuronna gjekk for seg på ein sein og tungvint måte. Reidskapen var berre ein sigd. Under denne haustinga vart husmenn med pliktarbeid nytta. Sjølv om reidskapen var misleg, var det ikkje mange dagane før kornet var kome på staur, og det var eit fint syn når det stod tett i tett med kornstaurar på åkrane. Dersom veret var lagelegt, vart kornet ⁴furt på ei veker tid, og bore i hus. Ein kornstaur på aksla var ei passande bær. Fan bestefar vart bodsend den dagen, for han var liksom meisteren å leggje korbanda på rette måten. Treskinga gjekk for seg med tust. Seinare vart det kjøpt treskemaskin, som ein dreiv med hand. Det måtte då leigefolk til, og

ein slik treskedag skofta eg skulen ein gong, for å vere med og ta unna halmen. Læraren hadde notert seg dette, og då eg slutta folkeskulen, noterte han på vitnemålet at eg hadde vore borte frå skulen 6 dagar for skuld sjukdom og ein dag utan lovleg grunn.

Arbeidsdagen var lang i gamletida, det galdt å skaffe mest mogeleg for både av det eine og andre slaget, utan å spørje etter kva som lente seg i kroner og øre. Foreininga var ikkje oppfunnen. All innhausting måtte vere unnagjort til mikkelmess. Då var det ein viss fest og velfare, og ei kjensle av tryggleik. Me borna måtte vere med i arbeidslivet, meir då enn no, kan ein seie, og det var mindre om fritida, og det tykte me ikkje var så gildt. Men me tok ikkje skade av det likevel, tvert i mot kom det til nytte seinare.

Det var geiter på alle gardar før. Heime hjå oss hadde me 10 - 12 geiter, og eg hadde jobben med å stelle dei om sommaren, endå eg ikkje var gammal karen. Mjølkinga kvidde eg meg heller ikkje med. Det mest spanande var om kvelden om ein kunne høyre geitebjølla oppe i liða, og om geitene var på veg heim. Kom dei ikkje, var det å dra av stad på leiting, og då fekk ein ikkje vere redd for umaken. Som lokkemat fekk dei sild, og bjøllegeita fekk gjerne ei skrå tobakk, noko betre kan du ikkje by ei geit. Det kunne vere ein viss kos å snakke med geitene, og ikkje minst når killingane tok til å kome. Likevel har eg eit sårt minne frå ein sommar som geitebudeie. Det var under mjølkinga ein morgon, og var komen til den siste og hadde bytta full av mjølk. Kor det var eller ei, geita gjorde eit spark, og all mjølka for i tallen. Då greip sinnet meg, og dyret fekk fleire spark i magen. Då dei andre slapp ut, vart ho liggjande og greidde ikkje reise seg. Eg vart svært redd - kva har du no gjort? Eg sprang heim og fortalde tilstanden, og då far kom til, var geita død. Far kunne brukekroppsløse avstraffing, og eg kunne vente noko i den leid etter dette. Men så var lukka den at han skulle i skyss den dagen, slik at straffa vart utsett vedhogst heile dagen, med tanke på at Eg var svært trottig med

straffa skulle bli mildare. Det blei og til det at dommen blei betinga.

Kvinnene spann og vov, og det første eg høyrde om morgonen var surret av rokkehjula. Spøtet var alltid på handa i ei ledig stund. Det vart endå til spøta på vegen til støls.

Det var ei inngrod sparsemd som ikkje kan liknast saman med tida no. Pengane hadde stort verd, og ikkje noko måtte kjøpast når ein kunne skaffe det til vegar med eige arbeid. Eg må tenkje på bestefar som ikkje let oljelampa brenne med fullt lys, for då gjekk det meir olje, meinte han.

Det var vanleg at bonden^{Asik}/seg ein bytur haust og vår for å vende sine varer. Det var kjøpmannen i byen som avgjorde prisane, og fekk ein 50 øre morka for smøret var det rekna for bra pris, slakt 1 kr. pr. kg og bjørkeved 14. kr. for målet. Men så var også det som måtte kjøpast att rimeleg. Fint rugmjøl 12. kr. for 100 kg. Kveitemjøl var meir rekna som luksusvare, og var ikkje mykje brukt. Blautkaka var ikkje oppfunnen på landsbygda. Nei, det måtte vere god plass i lommeboka i den tida, og det vesle ein hadde sat fastare i klypa. Det måtte sparast frå loket av, når ein nærma seg botnen, var det forseint å spare, var eit ordtsøke.

Med dei låge prisar som var for det som skulle seljast, var skattane deretter og. Eg hugsar, når likninga var utlagd på krambuda til ettersyn, kor praten gjekk livleg om dei oppførde skattar. Naboen hadde for lite skatt og dei sjølve for mykje, og det er mykje godt det same som går att no og. Eg skal nemne nokre tal frå ein likningsprotokoll som er 85 år gammal. Største skattytaren, ein militærkaptein, hadde 134. kroner. Så kjem presten med 81. kr. og dokteren med 72. kr. Største skattytaren av bøndene hadde 46. kr. og den minste, ein fjellgardsbonde hadde 3 øre. Dei fleste hadde under 10. kr. Heile budsjettet var på 4.109. kr.-Lavik og Brekke var eit herad i den tida,

men kvar av dei 2 soknene hadde serskilt budsjett for kyrkje, skule og forsorg. Felles for bae sokna var utgifter til veganlegg, løn til jordmor og lækjar og dei ordinere utgifter til ordførar.

Me som har opplivd 2 verdenskrigar, har opplivd mykje meir enn den unge slekt i dag veit om. Like eins krisa med Sverige i 1905 hugsar me godt. Eg skjønna av dei vaksne kor alvorleg stoda var, og at det kunne bli krig kva dag som helst. Eg minnest også nokre som måtte reise på grensevakt. Kristian Mikkelsen hadde stort ansvar i desse dagar, men han var fødd hovding eller førar og meistra godt dei fårlege setuasjonar han var oppe i. Så kom 7. juni då stortinget erklærte unionen med Sverige oppløyst. Dette vart ikkje godkjent av Sverige til å byrje med. For å få stadfest folkeviljen vart det avrøysting 13. august 1905. Det var berre 184 over heile landet som røysta nei og var usamde med stortinget og 368208 som røysta ja. Ein eldre bror av meg fekk den ære å stå utanfor kyrkjedøra og dele ut ja-setlar. Han fortel at dagen kjendest som ein høgtidsdag og alvorssdag, og folk strøymde til frå alle kantar. Me var noko usikre på bestefar, som då var 85 år, kor han ville røyste. Då han skjønna det, sa han: "Trur de eg vil gje meg under svenskane?" Så kom Karlstadforliket med riving av festningane. Eg minnest dei vaksne tala om dette, og følte det som eit nederlag, og eit stort offer. Det synt seg at det var rett likevel, offeret var mindre for å vinne noko større, nemnleg freden på halvøya. Knuten måtte hoggast over, og operasjonen etterlet seg eit sår, som kravde tid for å gro. Dagen var likevel ikkje langt unnan då ein såg at oppløysinga av unionen var turvande for bae folks interesse.

Det var stor skilnad på dei kondisjonerte, eit ord som var mykje nytta i den tida, og den vanlege bygdemann. Presten og soren-skrivaren til dømes, villed det skulle stå age av dei, og likte at det vart dreia på huva. Eg skal nemne eit par døme etter bestemor mi om dette. Når ein mann hadde ærend til presten, tok han gjerne

av seg huva når han nærma seg prestetunet. Frå eit haustting på gamle tingstaden Værholm i Lavik var det ein bonde som bad om å få snakke med sorenskrivaren. Dei møttest ute på tunet eina snøslittedag, men før samtalen kom i gang, seier sorenskrivaren: "Ta av Dem hatten mann," og ordren måtte sjølvstund etterkomast, men skrivaren sjølv heldt hatten på. Det kunne likevel hende at ikkje alle var så kvepne like framfor ein embetsmann. Ein bonde hadde ei rettssak føre, og ein vriden og kranglevoren kar måtte dette ha vore, for skrivaren vart arg på mannen og sa: "Du skulle vert hengt i det høyeste tre i skogen." Karen stod ikkje i beit for svar og svara: "Når eg skal hengjast så høgt, blir det plass å henge skrivaren attunder."

Eit storhende frå smågutdagane var det når det kom telefon til bygda. Det var i 1906. Eg hugsar me skulle snakke for moro, og eit under tykte me det var at orda kunne fylgje tråden.

Det einaste trafikkmiddel etter vegane var trøsykkel, og då eg såg den første, tykte eg det var radt eit mirakels kor snøgt det bar av garde med ein slik.. Bilar fanst det ikkje, og ein var spard for trafikkulukker.

Det var meir folk på gardane. Arbeidet gjekk for seg med hand, difor måtte det meir hjelp til. Det kan høyrest rart ut, men bøndene hadde råd å halde tenarar. Dei roa seg gjerne i årevis på same staden, dette avdi dei var rekna som medlemer av huslyden, og miljøet var slik at dei treivst og var nøgde med tilveret.

Tomas Kvammen.